

KOMMISJONSFORORDNING (EU) nr. 16/2011

2016/EØS/12/07

av 10. januar 2011

om fastsetjing av gjennomføringstiltak for snøggvarslingssystemet for næringsmiddel og fôr(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 178/2002 av 28. januar 2002 om fastsettelse av allmenne prinsipper og krav i næringsmiddelregelverket, om opprettelse av Den europeiske myndighet for næringsmiddeltrygghet og om fastsettelse av framgangsmåter i forbindelse med næringsmiddeltrygghet⁽¹⁾, særleg artikkel 51, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Ved forordning (EF) nr. 178/2002 vert det innført eit snøggvarslingssystem for næringsmiddel og fôr (heretter kalla «RASFF»), som vert forvalta av Kommisjonen og omfattar medlemsstatane, Kommisjonen og Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik, for å gje kontrollstyresmaktene eit effektivt verktøy for å melde frå om risikoar for menneskehelsa på grunn av næringsmiddel eller fôr. I artikkel 50 i den nemnde forordninga er det fastsett verkeområde for og krav til drifta av RASFF.
- 2) I artikkel 51 i forordning (EF) nr. 178/2002 er det fastsett at Kommisjonen skal innføre gjennomføringstiltak for artikkel 50 i den nemnde forordninga, særleg når det gjeld kva særlege vilkår og framgangsmåtar som skal gjelde for vidareformidling av meldingar og tilleggsopplysningar.
- 3) Det er medlemsstatane som først og fremst er ansvarlege for å handheve EU-regelverket. Dei utfører offentlege kontrollar, som det er fastsett reglar for i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 882/2004 av 29. april 2004 om offentlig kontroll for å sikre at fôrvarer- og næringsmiddelregelverket samt bestemmelsene om dyrs helse og velferd overholdes⁽²⁾. RASFF støttar verksemda til medlemsstatane ved å gjere det mogleg med ei snøgg utveksling av opplysningar om risikoar som er knytte til næringsmiddel og fôr, og om tiltak som er gjorde eller skal gjerast for å motverke slike risikoar.
- 4) Ved artikkel 29 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 183/2005 av 12. januar 2005 om fastsettelse av krav til fôrvarerhygiene⁽³⁾ vert verkeområdet for RASFF utvida til å omfatte alvorlege risikoar for dyrehelsa og for miljøet. I denne forordninga tyder difor «risiko» ein

direkte eller indirekte risiko for menneskehelsa i samband med næringsmiddel, materiale som er meinte å kome i kontakt med næringsmiddel, eller fôr i samsvar med forordning (EF) nr. 178/2002, eller som ein alvorleg risiko for menneskehelsa, dyrehelsa eller miljøet i samband med fôr, i samsvar med forordning (EF) nr. 183/2005.

- 5) Det bør fastsetjast reglar slik at RASFF kan fungere korrekt, både i tilfelle der det vert påvist ein alvorleg risiko slik det er definert i artikkel 50 nr. 2 i forordning (EF) nr. 178/2002, og i andre tilfelle der risikoen er mindre alvorleg eller akutt, men likevel gjer det naudsynt med ei effektiv utveksling av opplysningar mellom medlemmene av RASFF-nettverket. Meldingar vert klassifiserte som varselmeldingar, informasjonsmeldingar og meldingar om avvising ved grensa, noko som skal gjere det mogleg for medlemmene av nettverket å handtere dei på ein meir effektiv måte.
- 6) For at RASFF skal kunne fungere effektivt, bør det utarbeidast krav til framgangsmåten for vidareformidling av ulike typar meldingar. Varselmeldingar bør vidareformidlast og handsamast med høg prioritet. Meldingar om avvising ved grensa er særleg viktige for dei kontrollane som vert utførte ved grensekontrollstasjonane og ved utpeikte innførselsstader langs grensa til Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet. Bruk av malar og dataordbøker vil gjere meldingane meir leselege og lettare å forstå. Ved å markere kva medlemmer av nettverket som skal varslast om visse meldingar, kan det sikrast at desse medlemmene vert gjorde merksame på desse meldingane, og at meldingane difor vert handsama snøgt.
- 7) I samsvar med forordning (EF) nr. 178/2002 har Kommisjonen, medlemsstatane og EFSA peikt ut kontaktpunkt som representerer medlemmene av nettverket, for såleis å sikre korrekt og snøgg kommunikasjon. For å gjennomføre artikkel 50 i den nemnde forordninga, og for å unngå moglege feil ved vidareformidlinga av meldingar, bør det berre peikast ut eitt kontaktpunkt for kvar av medlemmene av nettverket. Dette kontaktpunktet bør leggje til rette for ei snøgg vidareformidling til ei rett styresmakt i ein medlemsstat.
- 8) For å sikre at nettverket fungerer på ein korrekt og effektiv måte medlemmene imellom, bør det innførast felles reglar for arbeidsoppgåvene til kontaktpunkta. Det bør òg fastsetjast føresegnar om den samordnande rolla til Kommisjonen, medrekna kontroll av meldingane. I samband med dette bør Kommisjonen òg hjelpe medlemmene av nettverket med å gjere høvelege tiltak ved å identifisere dei farane og aktørane som ofte er omtala i meldingane.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 6 av 11.1.2011, s. 7, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 124/2011 av 2. desember 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold) og vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 15 av 15.3.2012, s. 3.

⁽¹⁾ TEF L 31 av 1.2.2002, s. 1

⁽²⁾ TEU L 165 av 30.4.2004, s. 1.

⁽³⁾ TEU L 35 av 8.2.2005, s. 1

- 9) Dersom det viser seg at ei melding som er vidareformidla, er feil eller ugrunna trass i dei kontrollane som Kommisjonen og medlemmen som har gjeve meldinga, har utført, bør det fastsetjast ein framgangsmåte som anten gjer det mogleg å endre meldinga eller trekkje henne tilbake frå systemet.
- 10) I samsvar med nr. 3 og 4 i artikkel 50 i forordning (EF) nr. 178/2002 skal Kommisjonen melde frå til tredjestatar om visse RASFF-meldingar. Utan at det rører ved dei særlege føresegnene i avtaler som er gjorde i medhald av artikkel 50 nr. 6 i forordning (EF) nr. 178/2002, bør Kommisjonen syte for at det er direkte kontakt med styresmaktene for næringsmiddeltryggleik i tredjestatar, slik at han kan sende ut meldingar til desse tredjestatane og samstundes sikre utveksling av relevante opplysningar om desse meldingane og om eventuelle direkte eller indirekte risikoar for menneskehelsa på grunn av næringsmiddel eller för.
- 11) Etter artikkel 10 i forordning (EF) nr. 178/2002 skal dei offentlege styresmaktene m.a. informere ålmenta om risikoar for menneskehelsa. Kommisjonen bør leggje fram samanfattande opplysningar om dei RASFF-meldingane som vert vidareformidla, og årlege rapportar om dei tendensane innanfor næringsmiddeltryggleiksspørsmål som vert melde gjennom RASFF, og om utviklinga av sjølvne nettverket for å informere medlemmene, aktørane og ålmenta.
- 12) Denne forordninga er vorten drøfta med Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik.
- 13) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehehlsa —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Definisjonar

I denne forordninga skal dei definisjonane som er fastsette i forordning (EF) nr. 178/2002 og (EF) nr. 882/2004, nyttast. Vidare tyder:

1. «nettverk» snøggvarslingssystemet for melding om ein direkte eller indirekte risiko for menneskehelsa på grunn av næringsmiddel eller för, slik det er fastsett i artikkel 50 i forordning (EF) nr. 178/2002,
2. «medlem av nettverket» ein medlemsstat, Kommisjonen, Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik og alle søkjarstatar, tredjestatar eller internasjonale organisasjonar som har gjort avtale med Den europeiske unionen i samsvar med artikkel 50 nr. 6 i forordning (EF) nr. 178/2002,
3. «kontaktpunkt» det utpeikte kontaktpunktet som representerer medlemmen av nettverket,
4. «varselmelding» ei melding om ein risiko som krev eller kan krevje snøgg handling i ein annan medlemsstat,
5. «informasjonsmelding» ei melding om ein risiko som ikkje krev snøgg handling i ein annan medlemsstat,
 - a) «informasjonsmelding for oppfølging» ei informasjonsmelding knytt til eit produkt som er eller kan verte bringa i omsetning i ein annan medlemsstat,
 - b) «informasjonsmelding til orientering» ei informasjonsmelding knytt til eit produkt som
 - i) er å finne berre i meldarmedlemsstaten, eller
 - ii) ikkje er bringa i omsetning, eller
 - iii) ikkje lenger finst på marknaden,
6. «melding om avvising ved grensa» avvising av eit parti, ein container eller ei last med næringsmiddel eller för slik det er nemnt i artikkel 50 nr. 3 bokstav c) i forordning (EF) nr. 178/2002,
7. «opphavleg melding» ei varselmelding, ei informasjonsmelding eller ei melding om avvising ved grensa,
8. «oppfølgingsmelding» ei melding som inneheld tilleggsopplysningar som utfyller ei opphavleg melding,
9. «profesjonelle aktørar» driftsansvarlege for næringsmiddelføretak og driftsansvarlege for förføretak slik det er definert i forordning (EF) nr. 178/2002, eller driftsansvarlege for føretak slik det er definert i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1935/2004⁽⁴⁾.

Artikkel 2

Arbeidsoppgåvene til medlemmene av nettverket

1. Medlemmene av nettverket skal syte for at nettverket fungerer effektivt innanfor deira jurisdiksjon.
2. Kvar av medlemmene av nettverket skal peike ut eitt kontaktpunkt og gje kontaktpunktet til Kommisjonen melding om kven som er utpeikt, saman med nærmare opplysningar om dei personane som er ansvarlege for drifta, og kontaktopplysningane for desse. For dette føremålet skal dei nytte den malen for kontaktpunkttopplysningar som kontaktpunktet til Kommisjonen skal stille til rådvelde.
3. Kontaktpunktet til Kommisjonen skal vedlikehalde og ajourføre lista over kontaktpunkt og gjere denne tilgjengeleg for alle medlemmene av nettverket. Medlemmene av nettverket skal straks melde frå til kontaktpunktet til Kommisjonen om alle endringar som gjeld deira kontaktpunkt og kontaktopplysningar.
4. Kontaktpunktet til Kommisjonen skal syte for at medlemmene av nettverket får dei malane som skal nyttast til meldingsføremål.
5. For føremåla med nettverket skal medlemmene av nettverket syte for effektiv kommunikasjon mellom kontaktpunkta sine og dei rette styresmaktene innanfor jurisdiksjonen sin på den eine sida, og mellom kontaktpunkta sine og kontaktpunkta til Kommisjonen på den andre. Dei skal særleg
 - a) etablere eit effektivt kommunikasjonsnett mellom kontaktpunkta sine og alle relevante rette styresmakter

⁽⁴⁾ TEU L 338 av 13.11.2004, s. 4.

innanfor jurisdiksjonen sin, slik at ei melding straks kan formidlast vidare til dei rette styresmaktene med sikte på iverksetjing av høvelege tiltak, og slik at nettet alltid kan heldast i god stand,

- b) definere rollene og ansvarsområda til kontaktpunkta sine og til kontaktpunkta til dei relevante rette styresmaktene innanfor jurisdiksjonen sin, når det gjeld førebuing og vidareformidling av meldingar som er sende til kontaktpunktet til Kommisjonen, og når det gjeld vurdering og fordeling av meldingar som kontaktpunktet til Kommisjonen har motteke.

6. Alle kontaktpunkta skal syte for at ein vakthavande tenestemann kan kontaktast utanom kontortid heile døgnet alle dagar i veka i tilfelle naudssituasjonar.

Artikkel 3

Varselmeldingar

1. Medlemmene av nettverket skal sende varselmeldingar til kontaktpunktet til Kommisjonen snarast mogleg og seinast 48 timar etter at dei mottok meldinga om risikoen. Varselmeldingane skal innehalde alle tilgjengelege opplysningar, særleg om risikoen og om produktet som er opphav til risikoen. Vidareformidlinga av varselmeldingar skal ikkje forseinkast utan grunn, sjølv om ikkje alle relevante opplysningar er vortne samla inn.

2. Etter å ha gjennomført den kontrollen som er nemnd i artikkel 8, skal kontaktpunktet til Kommisjonen vidareformidle varselmeldingar til alle medlemmene av nettverket innan 24 timar etter at meldingane er mottekne.

3. Utanfor kontortid skal medlemmene av nettverket melde frå om vidareformidlinga av ei varselmelding eller oppfølgingsmelding ved å ringje naudtelefonnummeret til kontaktpunktet til Kommisjonen. Kontaktpunktet til Kommisjonen skal melde frå til dei medlemmene av nettverket som er markerte for oppfølging, ved å ringje til naudtelefonnummeret deira.

Artikkel 4

Informasjonsmeldingar

1. Medlemmene av nettverket skal snarast mogleg sende over informasjonsmeldingar til kontaktpunktet til Kommisjonen. Meldingane skal innehalde alle tilgjengelege opplysningar, særleg om risikoen og om produktet som er opphav til risikoen.

2. Etter å ha gjennomført den kontrollen som er nemnd i artikkel 8, skal kontaktpunktet til Kommisjonen snarast mogleg vidareformidle informasjonsmeldingar til alle medlemmene av nettverket.

Artikkel 5

Meldingar om avvising ved grensa

1. Medlemmene av nettverket skal snarast mogleg sende over meldingar om avvising ved grensa til kontaktpunktet til Kommisjonen. Meldingane skal innehalde alle tilgjengelege opplysningar, særleg om risikoen og om produktet som er opphav til risikoen.

2. Kontaktpunktet til Kommisjonen skal vidareformidle meldingar om avvising ved grensa til grensekontrollstasjonar

slik det er definert i rådsdirektiv 97/78/EF av 18. desember 1997 om fastsettelse av prinsippene for organisering av veterinærkontrollene av produkter som innføres til Fellesskapet fra tredjestater⁽⁵⁾, og til utpeikte innførselsstader slik det er nemnt i forordning (EF) nr. 882/2004.

Artikkel 6

Oppfølgingsmeldingar

1. Når ein medlem av nettverket har tilleggsopplysningar om den risikoen eller det produktet som er nemnt i ei opphavleg melding, skal han straks vidareformidle ei oppfølgingsmelding gjennom kontaktpunktet sitt til kontaktpunktet til Kommisjonen.

2. Når ein medlem av nettverket har bedt om oppfølgingsopplysningar som gjeld ei opphavleg melding, skal desse opplysningane snarast mogleg leggast fram i den grad dette er mogleg.

3. Når det vert gjort tiltak etter at ei opphavleg melding er motteken slik det er nemnt i artikkel 50 nr. 5 i forordning (EF) nr. 178/2002, skal den medlemmen som gjorde tiltaket, straks vidareformidle nærmare opplysningar om dette til kontaktpunktet til Kommisjonen i form av ei oppfølgingsmelding.

4. Dersom det tiltaket som er nemnt i nr. 3, inneber at eit produkt vert halde tilbake og returnert til ein avsendar som har bustaden sin i ein annan medlemsstat,

a) skal medlemsstaten som gjer tiltaket, leggje fram relevante opplysningar om det returnerte produktet gjennom ei oppfølgingsmelding, med mindre desse opplysningane alt var tekne med fullt ut i den opphavlege meldinga,

b) skal medlemsstaten som får produkta i retur, melde frå om tiltaket som er gjort med omsyn til dei returnerte produkta, i form av ei oppfølgingsmelding.

5. Kontaktpunktet til Kommisjonen skal vidareformidle oppfølgingsmeldingar til alle medlemmene av nettverket snarast mogleg, og innan 24 timar når det gjeld oppfølgingsmeldingar som gjeld varselmeldingar.

Artikkel 7

Innsending av meldingar

1. Meldingar skal sendast inn ved bruk av dei malane som kontaktpunktet til Kommisjonen har stilt til rådvelde.

2. Alle relevante felt i malen skal fyllast ut for å sikre at det eller dei produkta og den eller dei risikoane som det gjeld, kan identifiserast på ein tydeleg måte, og for å gje opplysningar om sporing av produktet eller produkta. Dataordbøkene som kontaktpunktet til Kommisjonen stiller til rådvelde, skal nyttast i størst mogleg grad.

3. Meldingane skal klassifiserast i samsvar med dei definisjonane som er fastsette i artikkel 1, i ein av dei følgjande kategoriane:

a) opphavleg melding

i) varselmelding,

ii) informasjonsmelding for oppfølging,

⁽⁵⁾ TEF L 24 av 30.1.1998, s. 9.

- iii) informasjonsmelding til orientering,
 - iv) meldingar om avvising ved grensa,
- b) oppfølgingsmelding.
4. Meldingane skal innehalde opplysningar om kva medlemmer av nettverket som er bedne om å følge opp meldinga.
5. Alle relevante dokument skal leggjast ved meldinga og snarast mogleg sendast over til kontaktpunktet til Kommissjonen.

Artikkel 8

Kontroll av meldinga

Før ei melding vert vidareformidla til alle medlemmene av nettverket, skal kontaktpunktet til Kommissjonen

- a) kontrollere at meldinga er fullstendig og leseleg, og at det er nytta korrekte data frå dei ordbøkene som er nemnde i artikkel 7 nr. 2,
- b) kontrollere at det oppgjevne rettsgrunnlaget for dei tilfella av manglande etterleving som er påviste, er korrekt; eit feilaktig rettsgrunnlag skal likevel ikkje vere til hinder for at meldinga kan vidareformidlast dersom det vart påvist ein risiko,
- c) kontrollere at føremålet for meldinga fell innanfor verkeområdet for nettverket slik det er fastsett i artikkel 50 i forordning (EF) nr. 178/2002,
- d) sikre at dei viktigaste opplysningane i meldinga er gjevne på eit språk som er lett forståeleg for alle medlemmene av nettverket,
- e) kontrollere at det er samsvar med dei krava som er fastsette i denne forordninga,
- f) identifisere profesjonelle aktørar og/eller farar og/eller opphavsstatar som ofte er omtala i meldingane.

For å kunne halde fristen for vidareformidling kan Kommissjonen gjere små endringar i ei melding, på det vilkåret at medlemmen som har gjeve meldinga, har sagt seg samd i dette på førehand.

Artikkel 9

Tilbaketrekking og endringar av ei melding

1. Alle medlemmer av nettverket kan be om at ei melding som er vidareformidla gjennom nettverket, vert trekt tilbake av

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 10. januar 2011.

kontaktpunktet til Kommissjonen etter avtale med medlemmen som har gjeve meldinga, dersom dei opplysningane som ligg til grunn for det tiltaket som skal gjerast, viser seg å vere ugrunna, eller dersom meldinga vart vidareformidla ved ein feil.

2. Alle medlemmer av nettverket kan be om at ei melding vert endra, etter avtale med medlemmen som har gjeve meldinga. Ei oppfølgingsmelding skal ikkje reknast som ei endring av ei melding og kan difor vidareformidlast utan samtykke frå nokon av dei andre medlemmene av nettverket.

Artikkel 10

Utveksling av opplysningar med tredjestatar

1. Dersom produktet som det er gjeve melding om, har opphav i eller vert distribuert frå ein tredjestat, skal Kommissjonen straks melde frå til tredjestaten.
2. Utan at det rører ved dei særlege føresegnene i avtaler som er gjorde i medhald av artikkel 50 nr. 6 i forordning (EF) nr. 178/2002, skal kontaktpunktet til Kommissjonen ta kontakt med eitt enkelt utpeikt kontaktpunkt i tredjestaten, dersom eit slikt kontaktpunkt finst, med sikte på å betre kommunikasjonen, m.a. ved hjelp av informasjonsteknologi. Kontaktpunktet til Kommissjonen skal sende over meldingar til dette kontaktpunktet i tredjestaten til orientering eller oppfølging, alt etter kor alvorleg risikoen er.

Artikkel 11

Offentleggjering

Kommissjonen kan offentleggjere

- a) eit samandrag av alle varselmeldingar, informasjonsmeldingar og meldingar om avvising ved grensa som inneheld opplysningar om klassifiseringa og statusen til meldinga, produkta og dei påviste risikoane, opphavsstaten, statane der produkta var distribuerte, medlemmen av nettverket som har gjeve meldinga, grunnlaget for meldinga og dei tiltaka som er gjorde,
- b) ein årleg rapport om dei meldingane som vert vidareformidla gjennom nettverket.

Artikkel 12

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

For Kommissjonen

José Manuel BARROSO

President